

Kommunale målsettingar for hjorteviltforvaltning i Seljord kommune 2019 – 2021



Høyringsfrist 05.05.2019

Vedteke av planutvalet i Seljord kommune den xx.xx.xxxx i sak xx/19

Innhald

1.	Definisjonar.....	3
2.	Innleiing	3
3.	Gamle målsettingar	4
4.	Rammer for den lokale forvaltinga	4
5.	Forvaltingsmål	5
6.	Organisering.....	5
7.	Litt om bestandsutviklinga til elgen i Seljord.....	6
8.	Overordna mål.....	7
9.	Langsiktige mål	7
9.1.	Elg	7
9.2.	Hjort.....	7
10.	Kortsiktige mål.....	8
10.1.	Elg	8
10.2.	Hjort.....	8
10.3.	Rådyr.....	8
11.	Statistikkar	9

1. Definisjonar

I *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, § 2, finn vi desse m.a. desse definisjonane:

Teljande areal: Det arealet som vert lagt til grunn for tal fellingsløyve. For rådyr, hjort og elg skal hovudsakleg areal av produktiv og uproduktiv skog og areal av myr under skoggrensa reknast med. Etter plan- og bygningslova (PBL) er dette arealet lagt ut som LNF-område (landbruk, natur og friluftsliv).

Minsteareal: Storleiken på det teljande arealet som skal leggjast til grunn for berekning av fellingsløyve. Minsteareal vert fastsett av kommunen gjennom forskrift for elg, hjort og rådyr.

Vald: Eit geografisk område som er godkjent til jakt på hjortevilt. Valdett får tildelt fellingsløyve frå kommunen.

Jaktfelt: Eit mindre geografisk område innanfor eit vald som jaktrettshavarane har avgrensa av omsyn til jakta.

Bestandsplanområde: Eit område som utgjer to eller fleire vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort. Vert godkjent av kommunen etter søknad.

Omgrepet bestandsplanområde vart innført i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* i 2012. Det vart innført for å gjere det enklare å få til store nok område til å forvalte størstedelen av ein hjorteviltbestand samla gjennom bestandsplanar utan at valda treng å slå seg saman.

Eit bestandsplanområde kan bestå av to eller fleire vald som samarbeider om ein felles bestandsplan.

Samarbeidet skal vere forpliktande, og det må utarbeidast vedtekter for bestandsplanområdet.

Bestandsplanområde og vald kan gå over både kommune- og fylkesgrenser. I slike tilfelle er det den kommunen der størstedelen av det godkjende arealet ligg som administrerer valdet eller bestandsplanområdet.

Bestandsplan: Jaktrettshavarane sin offentleg godkjende, fleirårige plan (2 til 5-års plan) med mål for bestandsutviklinga (populasjonsutvikling) og skildring av den årlege avskytinga.

2. Innleiing

Kommunen skal vedta målsettingar for utviklinga av bestandane (populasjonane) av elg, hjort og rådyr der det er opna for jakt på arten(-ane). Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfaldet, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane, jf § 3 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Jakt er det viktigaste og mest effektive verktøyet i forvaltninga av elg og hjort. Ved å endre på kvotar og kva for type dyr som blir teke ut, kan ein auke eller senke bestanden, eller endre forholda mellom kjønn og alder. Ved å auke eller redusere bestanden kan vi indirekte påverke beitetrykk, tal på trafikkulykker, slaktevekter og fruktbarheit.

Fastsetjing av minstearealet er eit av dei viktigaste verkemidla kommunen har for å regulere hjorteviltbestandane. Kommunen kan fastsetje ulike minsteareal for ulike delar av kommunen dersom det er vesentlege skilnader i beitegrunnlag, bestandstettleik eller skadepress.

I tilfelle der ein får spesielle situasjonar med hjortevilt som er til fare for skade på personar, eller at dei fører til trafikkfarlege situasjonar, kan kommunen vurdere skadefelling, jf *naturmangfoldlova* § 18.

Dei kommunale måla skal vere eit grunnlag for valda og grunneigarane si forvaltning av viltet. Kommunen si plikt til å utarbeide mål innber ikkje ei plikt til å utarbeide ein avskytingsprofil for artane i si kommune. Eit slikt ansvar ligg til rettshavarane. Jaktvald som lagar bestandsplanar må utforme desse i samsvar med dei kommunale måla. Rettleiaren frå Miljødirektoratet M-478, 2016 «*Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer*» legg rammer for korleis hjorteviltet skal forvaltast lokalt i ein kommune.

3. Gamle målsettingar

Seljord kommune vedtok kommunale målsettingar for elgforvaltning i 2007. Då var dette oppe som sak i det som heitte vilt- og fiskeutvalet.

Den kommunale målsettinga som vart vedteken 2.mai 2007, vart formulert slik:

Mål for elgforvaltning i Seljord kommune

Hovedmål:

Heve dyras kondisjon og balansere bestandstetthet og reproduksjon på eit nivå som samsvarar med beiteressursane.

Delmål:

- *Ku/okse- forholdet skal stabiliserast rundt 1,50 innan 2009.*
- *Maksimum 35 % beitegrad på viktige beiteplanter (særleg rogn,osp,selje) innan 2009.*
- *Sett kalv pr ku- indeksen skal vere på minimum 0,7 innan 2012.*
- *Stabilisere kalv sett pr kalveku- indeksen på 1,2 dvs. at kvar femte kalvku har tvillingar innan 2012.*
- *Gjennomsnittsvakta for ungdyr skal vere minimum 135 kg innan 2015.*

Desse måla gjenspeilar stort sett slik elgstamma var i Seljord rundt 1990.

Eit ku/okseforhold på 1,5 vil auke andelen eldre oksar i bestanden. Desse vil komme tidlegare i brunst enn yngre oksar, og dette vil i følge teorien føre til at fleire kuer føder tidlegare. Dette er viktig for å få kalvar med høg slaktevekt.

Ein beitegrad på maksimum 35% vil sikre tilgang på kvalitetsbeite som igjen fører til betre kondisjon og vekter på dyra.

Desse to delmåla oppnår vi med riktig bruk av kuler og krutt, og er realistisk å oppnå innan 2009.

Når det gjelder delmåla som gjelder produktivitet for kuer og slaktevekt for ungdyr, vil desse etter planen endre seg i positiv retning når dei to fyrste delmåla er nådd og stabilisert. Det er imidlertid ei forsinking i systemet, så det er vanskeleg å seie nøyaktig kor lang tid det vil ta før måla er oppnådd. Det er noenlunde realistisk å tru at desse kan bli oppnådd i 2012-2015.

4. Rammer for den lokale forvaltninga

Viltlova sin formålsparagraf (Lov om viltet § 1) set rammene for all viltforvaltning:

”Viltet og viltets leveområder skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.”

I formålet til Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 1 står det:

«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

Forskrift om forvaltning av hjortevilt delegerer ansvar og arbeidsoppgåver til kommunane og rettshavarane slik at desse får ein meir sentral rolle i forvaltninga av hjorteviltet, jf Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

I § 3 står det:

Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Gjeldande jakttider:

Jakttida for elg:	25.september til og med 23.desember.
Jakttida for hjort:	1.september til og med 23.desember.
Jakttida for rådyr:	25.september til og med 23.desember.
Jakttida for vaksen rådyrbukk:	10.august til og med 23.desember.

5. Forvaltingsmål

- Kommunen sine overordna mål bør vera generelle og seie litt om prioriteringane som kommunen ynskjer i forvaltinga.
- Kommunen sine langsiktige mål skal seie litt om korleis utviklinga av bestanden skal vere på lengre sikt (10 - 15 år), og desse måla bør vera konkrete.
- Dei kortsiktige måla vil gjelde for planperioden og vil vere delmål for å oppnå dei langsiktige måla. Dei kortsiktige måla må vere konkrete.

Kommunane har det overordna ansvaret med å regulere storleiken på dei ulike hjorteviltbestandane. Jaktrettshavarane skal ha ansvaret for den praktiske forvaltinga gjennom bestandsplanlegging og plan for årleg avskyting. Planane skal byggje på, og ta omsyn til, kommunen sine målsettingar. Kommunen godkjenner planane administrativt. Jaktuttaket er eit verktøy for å nå måla.

Det er opp til rettshavarane sjølve om dei vil delta i forvaltinga og utarbeide bestandsplanar.

I fylgje § 18 i forskrifta skal kommunen tildele årlege fellingsløyve for elg og hjort til godkjende vald med eit teljande areal som minimum svarer til minstearealet. Fellingsløyvet gjeld innanfor det godkjende valdet.

For vald eller bestandsplanområde med godkjend bestandsplan, skal fellingsløyva vise tal dyr utan spesifikasjon på alder og kjønn, og avskytinga skal utførast i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområde vert fellingsløyva tildele kvart enkelt vald.

Kommunen kan, med heimel i § 18 i forskrifta, tildele fellingsløyve til vald utan godkjent bestandsplan. Desse valda blir då pålagt ei målretta avskyting ved at kommunen fordeler fellingskvota på bestemte dyr når det gjeld alder og kjønn. Fellingskvota vert rekna ut ved å dividere det teljande arealet til valdet med gjeldande minsteareal. Fellingsløyva i slike tilfelle skal fordelast på følgjande kategoriar: a) elg: kalv (½ år), vaksne hodyr (1 ½ år og eldre) og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre), b) hjort: kalv (½ år), vaksne hodyr (1 ½ år og eldre) og spissbukk (buk med ugreina gevir) og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre).

6. Organisering

Valda i kommunen forvaltar ikkje ei eiga elg- eller hjortestamme. Desse dyra trekkjer over grensene til nabokommunar. Dette, saman med variasjonar i stamma innanfor kommunen, gjer det til ei utfordring å forvalte bestanden «rett».

Jakta på elg og hjort er organisert innan fire storvald i Seljord kommune.

Valda dekkjer eit areal på ca 490.900 daa (per 2018).

Valdnamn	areal daa	daa pr felt elg 2018	daa pr felt hjort 2018
Åmotsdal	178.800	6.600	44.700
Flatdal	128.000	6.700	16.000
Seljord vest	99.000	11.000	11.000
Seljord aust	85.100	5.600	8.500

Arealstorleiken for kvart vald er henta frå www.hjorteviltregisteret.no.

I 2018 vart det felt 70 elgar (ca 7.000 daa pr felt elg) og 31 hjortar (ca 15.800 daa pr felt hjort).

Seljord kommune har eit betre kartverktøy i dag enn for 10 år sidan. Vi har sett i gang eit arbeid for å gå gjennom og sjå på/vurdere teljande areal.

Minstearealet for elg er i dag 5000 daa i Åmotsdal storvald og 4000 daa i resten av kommunen.

For hjort er minstearealet 7.500 daa i heile kommunen. Forskrifta vart endra i 2017.

I § 15 i hjorteviltforskrifta er det sett krav om at eit vald eller eit bestandsplanområde må disponere eit areal på minst 20 gonger minstearealet for å kunne fremme ein bestandsplan. Dette ser greitt ut for elg. For hjort kan det sjå til at tre av fire storvald ikkje er store nok til å fremme eigen bestandsplan. Dersom ein fråvik minstearealet på ein slik måte at eit vald eller eit bestandsplanområde med bestandsplanen får mindre enn 20 fellingsløyve, vil minimumskravet til 20 gonger minstearealet likevel vere oppfylt. Det kan vere aktuelt å gjere ei forskriftsendring for minstearealet på hjort i nær framtid.

7. Litt om bestandsutviklinga til elgen i Seljord

I www.hjorteviltregisteret.no er det registrert felte elgar frå og med 1986 i Seljord. Det er sett elg-skjema (tidlegare papirutgåver) som ligg til grunn for registreringane i store deler av perioden heilt fram til dei siste åra då det er registrert elektronisk via www.settogskutt.no. Vi har registrert detaljerte opplysningar om fellingsløyva tilbake til 2004. Frå 1999 er det samla inn ein god del slakteveker for felt elg. Statistikkane er ikkje heilt komplette. Men dei vi har, er ganske bra og ligg tilgjengelege på Hjorteviltregisteret. Frå materialet vert det rekna ulike relative mål (indeksar) på strukturen til bestanden og på storleiken. Målet med «sett elg» og «sett hjort» er ikkje å telje opp det sannsynlege tal dyr i bestanden, men å samle representative observasjonar. Ein felles praksis for innsamling og bruk av metodikken er avgjerande for å oppnå samanliknbare tal mellom år (dvs. ein felles instruks for alle jegerar i heile landet).

Bestanden av elg auka fram mot slutten av 1990-talet. I 1999 vart det felt 179 elgar i heile Seljord. Bestanden var ei tid høgare enn det som vart rekna som berekraftig, og skadane på skog og skader i landbruket var merkbare. Det var også ein del trafikkulykker mellom bil og hjortevilt. Somme stader var det problem med elg som var heilt inn til bustader og gjorde folk urolege. Kvotene vart auka, og det var ei villa utvikling med dei høge kvotene. Etter jakta i 2012 var bestanden redusert ned mot det halve av det toppåret 1999 viser. I 2012 vart det felt 91 elgar. Sjå statistikk lenger nede.

Hogst/avverking i Seljord i perioden 2009-2018, jf Landbruksdirektoratet:

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
m ³	23742	19508	11308	10073	12779	10087	11220	9540	15721	10164

Det er merkbart større avverking av tømmer i 2018 sidan prisane på tømmer har auka og stimulerer til hogst. I tillegg kom nye skogbruksplanar for to år sidan. Ein kan tenkje seg at hogsten etter ei tid, kan gje utslag i beite for elg- og hjortebestanden.

Uttaket (fellingsprosenten) både i siste planperiode 2016-2018 og i perioden 2013-2015 har vore mindre enn det som var eit ønske frå dei fire storvalda. I 2018 var fellingsprosenten på elg på ca 74, og i 2015 var fellingsprosenten nede i 48. Uttaket (fellingsprosenten) har naturleg nok variert mellom valda.

Alle dei fire valda hadde i sine bestandsplanar for perioden 2016-2018 eit hovudmål om auke i elgbestanden. For å nå dette målet hadde dei felles strategi med å ha eit høgare prosentvis uttak av ungdyr og kalv. Målet var 60 % kalv og ungdyr der minimum 20 % skulle vere kalv. Dei ynskte i større grad enn tidlegare å spare produksjonsdyra.

Resultata av sette elg i Seljord viser ein oppgang dei siste åra frå 2013 til 2018 (kort periode), men ein nedgangstrend om ein ser frå år 2000 og framover. Utviklinga på kalv pr ku (rekrutteringa av kalv) viser ein svak nedgang frå år 2000. Kalv pr kalveku (tvillingraten) viser ein svak tendens nedover.

Statistikkar i Hjorteviltregisteret viser at registrerte slaktevektekter på felt elg varierer lite i åra frå 2006-2018. Slaktevektekter på kalv viser eit snitt på ca 57 kg for hokalvar og eit snitt for hannkalvar på ca 60 kg. For ho-ungdyr litt snittet på 120 kg og for hann-ungdyr ligg det på ca 130 kg. Eldre vaksne oksar har ei snittvekt på ca 200 kg medan eldre vaksne kyr har ei snittvekt på ca 160 kg. Men det er viktig å vere klar over at det er registrert svært få vekter somme år, så talmaterialet svært lite og difor usikkert.

Hjorten er meir ulikt fordelt i kommunen. I Åmotsdal er det eit ynskje om å auke hjortebestanden. I resten av kommunen er det meir hjort enn i deler av Åmotsdal, så her hadde dei tre andre valda eit ynskje om å stabilisere hjortestamma i siste periode. Stamma er i vekst i store deler av desse valda.

8. Overordna mål

Bestandane av hjortevilt skal ligge på eit stabilt berekraftig nivå og må tilpassast beitegrunnlaget. Kommunen skal ta omsyn til biologisk mangfald, skogproduksjon/skogforynging, fare og ulemper i trafikken, skader på jordbruk og andre område. Viltressursane skal kunne haustast til nytte og glede for jegerar, grunneigarar og andre.

Det er eit mål at heile kommunen framleis er organisert i vald og gjerne bestandsplanområde (to eller fleire vald samarbeider), og ha godkjente bestandsplanar utarbeidd av rettshavarane. Valda / bestandsplanområda bør ha ein storleik og arrondering som fremjar ei god forvaltning.

9. Langsiktige mål

Elg- og hjortestamma i Seljord skal ha god kondisjon og utnytte beiteressursane utan at det blir for store beiteskader på inn- og utmark. Bestandane av hjortevilt må heller ikkje bli så store at det fører til store trafikkproblem.

9.1. Elg

Det er eit mål at:

- «Sett elg» skal bli registrert av alle jaktlag/jaktfelt. Rapporteringa skal skje digitalt på www.settogskutt.no slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.
- Alle jaktlag/jaktfelt skal registrere slaktevektekter på felte dyr på www.settogskutt.no.
- Det skal takast CWD-prøve (chronic wasting disease = skrantesjuke) av alle vaksne elgar som er felt dersom dette vert vidareført frå overordna myndigheiter.
- Elgen blir forvalta likt og konsekvent over store naturlege samanhengande område, gjerne på sikt i form av eit formelt etablert bestandsplanområde for heile kommunen.
- Kjønnfordelinga i bestanden er på 1,5 kyr pr okse
- Kalveproduksjon bør auke til 0,6 kalv pr ku
- Slaktevektekter på kalv og ungdyr bør ligge på 60 kg for kalv og 130 kg for 1 ½-åringar

9.2. Hjort

Det er eit mål at:

- «Sett hjort» skal bli registrert av alle jaktlag/jaktfelt. Rapporteringa skal skje digitalt på www.settogskutt.no slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.
- Alle jaktlag/jaktfelt skal registrere slaktevektekter på felte dyr på www.settogskutt.no.

- Det skal takast CWD-prøve (chronic wasting disease = skrantesjuke) av alle vaksne hjortar som er felt dersom dette vert vidareført frå overordna myndigheiter.
- Hjortestamma bør bestå av mange produktive dyr for å gje ei høg og stabil avkastning.
- Hjortestamma ikkje bør bli så stor at det går ut over vekt eller den generelle kvaliteten på dyra.
- Hjortestamma ikkje må bli så stor at det fører til for store beiteskader på skog og innmark.
- Kjønnfordelinga i bestanden bør vere på 1,5 til 2 hind pr bukk.

10. Kortsiktige mål

10.1. Elg

- Uttaket av elg må ein justere etter elgstamma og statistikkane frå «Sett elg» og «Felt elg». Dersom ein ser for mange elgar, kan ein vurdere at avskytinga bør aukast og motsett.
- Kalveuttaket må aukast for å heve snittalderen i bestanden.
- Ein må spare dei produktive dyra.
- Ved å ta ut kalv, unge og uproduktive dyr, kan ein få ei stamme med meir produktive, men færre dyr.

Tiltak for å nå målsettinga:

- Minst 25 % av uttaket er kalv.
- Minst 60 % av uttaket er kalv og 1 ½-åringar.
- Spare produktive kyr og kyr med tvillingkalvar.
- Ha ei kjønnfordeling i uttaket som gjer at ein kan nå målet om 1,5 kyr pr okse.
- Bruke § 7 i hjorteviltforskrifta for å fråvike minstearealet i enkelte område i perioden.

10.2. Hjort

Uttaket av hjort har auka i perioden 2011-2018. Uttaket har vore mindre enn tilveksten. Vintrar med mykje snø og gaupe kan virke inn på utviklinga og er eit argument ein kan ta med i dei årlege vurderingane av kvote. Bestanden må holdast på eit nivå som er berekraftig.

Hjorten er meir «klattevis» fordelt i kommunen. Dette kan endre seg litt etter som bestanden aukar. Difor bør minstearealet vera likt i kommunen til ein får litt meir kunnskap om bestandsutviklinga.

Hjortejakta er krevjande og fellingsprosenten vil vera låg. Dette betyr at for å få tatt ut nok dyr må kvota vera ein del høgare enn det uttaket som er planlagt.

- Minstearealet på hjort er i dag 7500 daa pr dyr i heile kommune. Ein bør vurdere å tilpasse dette.
- Minst 50 % av uttaket skal vera kalv eller ungdyr.
- Bruke § 7 i hjorteviltforskrifta for å fråvike minstearealet i enkelte område i perioden.



10.3. Rådyr

Rådyrstamma i Seljord blir utsett for eit svært forsiktig jakttrykk. Det er til dels store område der det i praksis ikkje blir jakta rådyr. Stamma varierer lokalt i kommunen. Minstearealet for rådyr er i følge forskrifta, 500 daa pr rådyr i heile Seljord. Vi har liten statistikk på kor mange som blir felt. Den beste statistikken ligg på SSB (Statistisk sentralbyrå). Det er rapportert om 25 felte rådyr i kvart av jaktåra 2016-2017 og 2017-2018.

Det er i fyrste rekkje snøtilhøve, gauper og trafikk som regulerer stamma – og ikkje jakta. Kvotefri rådyrjakt vil, etter det kommunen vurderer, ikkje føre til at ein feller for mange dyr slik situasjonen er no. Det vil heller gjere det meir fleksibelt å ta ut meir dyr der det er grunnlag for det. Dette kan føre til reduksjon i talet på rådyrpåkøyrslar langs vegane våre.

11. Statistikkar


Nedanfor er det vist ein del statistikk i form av diagram og grafar. Alle statistikkane er henta frå www.hjorteviltregisteret.no.




Figuren viser ei utvikling i sett elg per jegerdag. Frå hausten 2018 vart det innført ein ny måte å registrere sett elg pr jegerdag. Sett elg per jegerdag viser den relative utviklinga i bestandsstorleiken over tid. Den seier likevel ikkje noko om den faktiske bestandsstorleiken. Same verdi i to ulike område kan tilsvare ulik tettleik som følgje av ulike observasjonsforhold og jaktmetodar. Ein jegerdag er ein jeger som har jakta i ein dag, uavhengig av tal timar.

På Hjorteviltregisteret sine sider står det: *Etter ny instruks skal alle observasjoner av dyr rapporteres. Dette fører til at sett pr. jegerdag vil øke i 2018 og at gamle og nye indeksverdier ikke vil være direkte sammenlingbare. Det er anbefalt å bruke indeksen felt dyr pr. jegerdag som alternativt mål på bestandsutviklingen i en overgangsperiode. Felt dyr pr. jegerdag vil ikke påvirkes av instruksendringen, og tidligere studier viser at indeksen er et godt mål på bestandsstørrelse.*


Dette kan vere grunnen til auken vi ser frå 2017 til 2018.



Figuren viser sett ku pr okse. Sett ku per okse viser kjønnsamansettinga for dyr som er eldre enn ett år. Indeksen kan avvike noko frå kjønnsamansettinga i bestanden fordi sannsynet for å oppdage ku og okse kan vere ulik.



Figuren viser sett kalv pr ku. Sett kalv per ku viser utviklinga i rekrutteringa av kalv i bestanden. Rekrutteringa av kalv kan påverkast av mange faktorar, som t.d. alder på kyrne i bestanden. Også klimatiske forhold kan påverke rekrutteringa av kalv.



Hjort

